


Årsmelding

Ytre Arna sokn

2022



Årsmelding for Ytre Arna sokneråd 2022

Vedlegg

Årsmelding frå:

Noa open Barnehage

Konfirmantarbeidet

Ytre Arna Barnevokal

Ytre Arna Vokal

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Takkebrev frå misjonsprosjektet

Felles kyrkjeblad for Ytre Arna og Arna

Soknerådet

Medlemmer

Jorunn Haukås (leiar), Hilde Kvinge Rannestad (nestleiar), Helge Bognøy,

Thor Kalland, Marianne Vevle Hjortland, Jan Olav Lien Hansen og Ingvar Fløysvik

Varamedlemmer

Anita Merethe Brattaule Frekhaug, John Skartveit, Rozalie Hadhazi, Monica Kversøy Fagermo (permisjon) og Svanhild Mari Strømsnes Birkeland.

Totalt har det vore 8 møte og 1 soknemøte i 2022. Rådet har behandla 93 saker.

Tilsette

Sokneprest	Ingvar Fløysvik	100% stilling
Organist	Jørn Skauge	50% stilling
<i>(Jørn Skauge har permisjon i 15% av stillinga t.o.m. juni 2023. Bjørn Bergmann har 15 % der han dirigerer Ytre Arna Vokal.)</i>		
Kyrkjemusikar	Anita Frekhaug	engasjement
Administrasjonsleiar	Benthe Vevle	50 %
Diakonimedarbeidar	Marianne Hjortland	25 % (fram til 01.11.22)
Ungdomsdiakon	Maria Aasheim Grosås	50 % (frå 01.11.22)
Trusopplærar	Marianne Hjortland	30 %
Styrar i Noa open barnehage	Møyfrid Opheim	50 %
Reinhold i Noa	Møyfrid Opheim	08%
Reinhold i kyrkjelydshuset	Malin Hjortland	timebasert
Kyrkjetenar	Monica Ohr	50 % stilling
Kyrkjetenarvikar	Jan Olav Hansen	
Kyrkjetenarvikar	Synne Hjortland	

Marianne Hjortland har vore sjukemeldt frå 04 april 22.

Jorunn Haukås og Sigurd Lian har vore tilsett i 15% stilling kvar frå 1. oktober.

Barne og ungdomsarbeid

Trusopplæring

Trusopplærar Marianne Hjortland har vore sjukemeldt i diverse % stilling frå 4. april. Jorunn Haukås og Sigurd Lian kom inn som vikar 1. oktober.
Tiltak som er gjennomført i regi av trusopplæring er :
Ei helsing frå kyrkja til borna som har 1. års og 2. års dåpsdag. Helsinga vart levert på døra. Krøllesamling for 3 åringane. Samling i kyrkja, forteljing om den bortkomne sauens, alle borna fekk kvar sin sau. Etterpå vart det servert hot dog og is utanfor kyrkja.
Dei som fylte 4 og 6 år vart invitert til gudsteneste der dei fekk kvar si bok.

LysVaken 2022

17 glade 6-klasssingar møtte opp på då me hadde LysVaken i november. Dei hadde forventningar til møtet med kyrkja og spesielt det at dei skulle overnatta i kyrkja. Borna fekk vera med på ulike aktivitetar. Dei var ein tur opp i kyrkjetårnet, bakte peparkaker, hadde refleksjakt ute, såg film, øvde på nokre songar og innimellom åt dei frukt, taco og snop og drakk brus.

Etter ei god natts søvn, vart dei vekt av kraftig orgelmusikk med påfylgjande frukost. I samband med gudstenesta, var 6-klassingane med og song i lag med Ytre Arna Barnevokal. Det gjorde at me fekk eit stort barnekor den dagen. Takk til dei gode vaksne hjelparane denne helga: Gerke Evensen, Ingvar Fløysvik, Anita Frekhaug, Jan Olav Hansen, Sigurd Lian, Jorunn Haukås

Noa open barnehage

Årsmelding vedlagt

Barnehage og kyrkjesamarbeid.

Alle barnehagane i Ytre Arna vart inviterte til julevandring i kyrkja. Sætre barnehagen var på vandring med ei av avdelingane sine, og Festtangen barnehage hadde vandring i Arna kyrkje med staben frå Ytre Arna. Festtangen barnehage kom i tillegg på påskevandring.

Skule- og kyrkjesamarbeid

Ingvar Fløysvik og Maria Aasheim Grosås hadde møte på Ytre Arna skule. Dei vart samde om ei vandring i kyrkja med skulen til jul. Dette vart eit godt møte med skuleborna, forteljing, orgelspel og julesongar. Skulen kom fordelt på fire grupper, stort sett etter årskull.

Konfirmantarbeidet

Årsmelding vedlagd.

Nemnder og utval

Diakoniutvalet

Det er ikkje diakoniutval i kyrkjelyden for tida. Kyrkjelyden har likevel ein god del aktivitetar som har diakoni i seg, så som: open barnehage, minnedag for etterlatne, kjøkkenteneste på klubben for utviklingshemma i Arna kyrkjelydshus.
Maria Aasheim Grosås starta som ungdomsdiakon (50% stilling) frå 1. november.

Husstyret

Helge Bognøy (leiar), Tor Oddvar Holmefjord, Thor Kalland, Jan Olav Hansen, Alise Bjørnestad og Jorunn Haukås.

Husstyret har i år:

- Gjennomgang av branngang og testa røykvarslarar.
- Innkjøpsansvarleg (forbruksartiklar)
- Reingjer /støvsugar varmepumpa kvar månad.
- Ordnar uteområdet

Leiar Helge Bognøy og Jan Olav Lien Hansen har vore svært aktive med vedlikehald og oppussing av huset. Soknerådet er svært takksam for det arbeidet dei gjer.

Kyrkjelydshuset

Huset vert nytta mykje til konfirmantarbeid, diverse møte i sokneråd og andre utval. Det vert brukt til festar og andre arrangement. Det vert nytta til utelege ved dåp og gravferd. Noa open barnehage har vore i kyrkjelydshuset sidan 2009.

Ytre Arna sanitetsforeining leiger huset til sine samlingar.

Soknerådet arbeider framleis for vegen vidare for kyrkjelydshuset.

Cellegrupper

Saman med indremisjonslaga på dei to bedehusa i soknet har kyrkjelyden 5 cellegrupper/bibelgrupper. To av dei plar samlast annakvar veke, dei andre fire-fem gonger i halvåret. Fleire av gruppene har nok vore samla sjeldnare dette året. Nokre av gruppene har eige opplegg, andre har samtala om teksten for sundagen etter samlinga. Etter forslag frå cellegruppeiarane har kyrkjelyden og indremisjonslaga i år hatt seks doble bibeltimar saman, fire av dei har vore i kyrkja ved presten.

Gudstenester

I år har me fått ha gudstenester heile året. Me har hatt forsongarar på dei fleste gudstenestene. Ytre Arna vokal og Ytre Arna barnevokal har vore med oss på fleire gudstenester. Ulike tiltak i samband med gudstenester har òg gått som normalt. Me har hatt medarbeidarfest med lapskaus i samband med ei gudsteneste. Me har hatt samtalegudsteneste, konfirmasjonar, konfirmantprestentasjon, utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4- og 6-åringane, invitert 50-årskonfirmantane til ei gudsteneste med middag etterpå, LysVaken og lysmesse. I 2021 prøvde me for fyrste gong å laga til hausttakkefest. I 2022 gjorde me denne festen til ei gudsteneste for små og store. Me kalla òg begge gudstenestene julaftan gudstenester for små og store. På den fyrste hadde me med oss det tradisjonsrike Arne Musikforening, på den andre var Ytre Arna barnevokal med oss. Me hadde ingen temagudstenester.

Me har prøvd å ha sundagsskule i samband med gudstenestene når det ikkje er gudsteneste for små og store, men har hatt nokre avlysingar. I tillegg er det sundagsskule skiftevis på dei to bedehusa i soknet dei sundagane det ikkje er gudsteneste – i samband med sundagssamlingane der.

Det gjennomsnittlege frammøtet på gudstenestene i år var lågare enn i åra før koronapandemien. Det har nok fleire grunner, men avspeglar nok at det reelt er færre som går jamt til gudsteneste hjå oss. I år er 13 døypte i Ytre Arna kyrkje, medrekna ein ungdom. I alt vart 15 frå Ytre Arna sokn døypte i Den norske kyrkja. Det er litt lågare enn gjennomsnittet dei siste åra før koronapandemien.

	gudstenester	deltakarar	konfirmerte	Døypte*
2018	32	gj. 84	34	17
2019	30	gj.78	25	16
2020	33	gj. 45	20	11
2021	46	gj.29	12	7
2022	31	gj 66	24	15

* Talet gjeld døypte busette i Ytre Arna sokn

Kyrkjemusikk

Jørn Skauge har ansvar for forsongartenesta.

Han møter med forsongarane, og passar på at det er forsongarar på alle gudstenestene.

Ytre Arna Vokal

Bjørn Bergmann dirigerer koret.

Koret har øving kvar torsdag frå kl. 19:00

Årsmelding vedlagt

Arna og Ytre Arna kyrkjekor

Årsmelding vedlagt.

Ytre Arna barnevokal

Våren 22 var det øving kvar torsdag frå kl. 17.00 til 18.30.

Anita Frekhaug hadde prosjekt jul i desember med barnekoret.

Årsmelding vedlagt

Anita Frekhaug har vore dirigent for Ytre Arna barnevokal i 10 år. Ho avslutta korarbeidet

hausten -22. **Soknerådet takka Anita for det flotte arbeidet ho har utført med kora.**

Marianne Hjortland og Jørn Skauge har drive koret hausten 2022. Dei øver kvar onsdag kl. 17.15-18.15.

Misjon, evangelisering

Ytre Arna sitt misjonsprosjekt er: China Lutheran Seminary

Kyrkjelyden sendte kr 16 686 til misjonsprosjektet i 2022.

Takkebrev frå China Lutheran Seminary ligg ved årsmeldinga.

Kyrkjelydsbladet/informasjonsarbeid

Frå første januar 2022 har vi nytt kyrkjelydsblad for Ytre Arna og Arna.

Kyrkjelydsbladet har kome ut med 3 nummer i 2022.

Bladet vert delt ut til alle husstandar i kyrkjelyden.

Lokal redaksjonsnemnd er Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik.

Tilhøvet til kommunen, fellesrådet

Thor Kalland er soknerådet sin representant i Bergen Kirkelige fellesråd.

Jorunn Haukås er vararepresentant. Mette Svanes er tilsett som ny kyrkjeverje i Bergen

Kirkelige Fellesråd.

Økonomisituasjonen

Soknerådet er takksame for alle som har støtta opp om kyrkjelyden økonomisk.
Orientering økonomi vedlagt.

28. 02. 23

Benthe Veule

Jorunn Haukås

Årsmelding 2022

Noa open barnehage

Året 2022 har vore både spennande og krevande for drifta av Noa. Oppmøtet har vore svært varierende og prega av mykje sjukdom blant brukarane våre. Planlegging har difore vore ei utfordring. Antalet unike brukarar har vore godt, men dei har ikkje kome samtidig!

Ein onsdag i månaden har vi hatt barnesang i kyrkja med Jørn på flygel. Etterpå har Jorunn og Benthe servert vaflar til lunsj.

Frå Bergen kommune sitt prosjekt "*Økt barnehagedeltagelse for barn med minoritetsspråklig bakgrunn*" fekk Noa tildelt kr. 10.000. Pengane vart brukt til blant anna påskelunsj, 17 maifest med rømmegrøt og tur til Bergen undervisningsgård på Garnes. Litt gjekk til lønnsmidlar ifm tiltaka, og i tillegg vart det nokre nye bøker og anna materiell.

Matlaging er ein populær aktivitet som trekkjer folk. Noa fekk kr. 2000,- frå prosjekt "Fiskesprell" (Helsedirektoratet m.fl.), dette gav fleire lunsjmåltid med sjømat i fokus.

Mange brukarar med annan kulturell bakgrunn har bekrefta at Noa spelar ei viktig rolle i nærmiljøet - som sosial møtestad, kulturformidlar og arena for språklaering. Styrar i barnehagen tok vidareutdanning innan språklaering hos barn skuleåret 2021/22, dette utløyste vikarmidlar og pengar til å kjøpe barnebøker på ulike språk.

Ein familie på flukt frå krigen i Ukraina fann vegn til Noa i mars. Måten dei vart mottekte på av dei andre foreldra synleggjorde samhaldet og varmen i foreldregruppa. Foreldregruppa og andre i bygda samla raskt saman klede, mat og leiker til familien.



Høgtidene vart markert på ulike måtar, blant anna med påske- og julevandringar i kyrkja. Det er veldig kjekt at dei som kjem i Noa får møte både stab og frivillige i kyrkja!

Påskevandring med fotvask og polarbrød



Glimt frå livet i Noa: tacolunsj, maleaktivitet, barnesong i kyrkja og førjulsfest med nissebesøk!



Tilsette dette året: Marianne Hjortland og Møyfrid Naterstad Opheim

Reingjering: Malin Hjortland

Vikarar: Lise Liland, Benedikte Auglænd og Fatema Ahmad

13.02.2023

Møyfrid N. Opheim, styrar.

Årsmelding frå konfirmantarbeidet i Ytre Arna 2022

Våren 2022 hadde me 22 ungdomar som førebudde konfirmasjonen hjå oss gjennom det ordinære opplegget. Ein konfirmant fekk undervisning i Notodden, men vart konfirmert hjå oss. Dessutan hadde me ei jente som melde seg så seint at ho fekk særskild undervisning og vart konfirmert i juni. Dermed vart til saman 24 ungdomar konfirmerte hjå oss dette året.

Hausten 2022 har me hatt 20 innskrivne konfirmantar.

Nokre viktige datoar i 2022:

3. april	Samtalegudsteneste
6. april	Fasteaksjon
30. april og 8. mai	Konfirmasjon
28. august	Konfirmantpresentasjon
28. - 30. oktober	planlagt konfirmanthelg på Wallemuntunet, men ho er utsett til 3.-5. februar 2023
4. desember	Lysmesse.

Konfirmantleiarar våren 2022:

Anita Brattaule Frekhaug, Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Eline H. Hjellum, Marianne Vevle Hjortland og Ingvar Fløysvik. På kjøkkenet: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås.

Leiarar hausten 2022:

Øystein Waagbø, Sigurd Lian, Jorunn Haukås, Veena Joyce Kamara, Cassandra Fagermo og Ingvar Fløysvik. Me er heldige som har hatt fleire stabile leiarar over mange år. Astrid Husdal hadde undervisninga på ein av undervisningskveldane i vår. Den nye ungdomsdiakonen vår, Maria Aasheim Grosås har hatt undervisninga ein kveld i haust. På kjøkkenet dei stabile: Jan Olav Hansen og Linda Kalsås. I tillegg har Daniel Askeland Leknesund vore med nokre gonger.

Øg i år har me brukt Tentario (frå Pinse Ung) med dei tillegg og tilpassingane me treng. Konfirmantane får utdelt Bibelen og ein perm med blant anna konfirmantarka for kvart emne og Den vesle katekisma. Me har samlast annankvar onsdag, først til undervisning i kyrkjelydshuset. Me har variert på kven som har undervisninga. Deretter har me gått i grupper. Så har me avslutta i kyrkjelydshuset med litt å bita i. Konfirmantane skal òg vera med på minst åtte gudstenester i løpet av konfirmantåret.

Tidlegare år har konfirmantane delteke i aktivitetsgrupper knytte til barne- og ungdomsarbeidet i Ytre Arna. I år hadde me dverre ikkje noko tilbod for dei som det ikkje var oppgåver til. Det ville då vera umogleg å påleggja oppgåver til halve kullet og ikkje ha noko for resten. Difor vart det å vera hjelpeleiar i barnearbeid berre lagt fram so eit frivillig tilbod. To konfirmantar har då valt å vera hjelpeleiarar i Ytre Arna Ving, eit tilbod for born 1. -4. klasse på Ytre Arna bedehus. Ein av konfirmantane deltek i Ytre Arna barnevokal.

Alle konfirmantane (i grupper på tre) får oppgåver på to gudstenester i året, til dømes lesa tekst, assistera ved dåp, ynskja velkommen i døra, køyra lysbiletpresentasjon osb. Alle konfirmantane har vore med på lymessa.

Samtalegudstenesta legg vekt på deltaking og ikkje overhøyring. Konfirmantane leverer i staden eit 4-siders skriftleg arbeid der dei skriv om spørsmål knytte til emna me har arbeidd med gjennom året.

Konfirmanthelga er ein viktig del av konfirmantopplegget. Av ulike grunnar var helga dette året utsett frå hausten 2022 til februar 2023. Staden vert Wallemuntunet på Kvamskogen, som tidlegare år (med unnatak av i fjar).

Konfirmantarbeidet er eit viktig arbeid der me får rikeleg høve til å så Guds ord i unge hjarte.

Ingvar Fløysvik

Årsmelding Ytre Arna Barnevokal-23

Fra januar til juni øvde vi torsdager fra kl.17-18.30.

Koret ble delt opp i de yngste og de litt eldre barna. Alle øvde fra kl.17-17.45, og de eldste fikk øve videre frem til kl.18.30. Dette likte de eldste veldig godt.

Oppdrag:

20.feb kl.11 Gudstjeneste

20.april med Bjarte Leithaug i Arna kirke

1.mai kl.11 gudstjeneste

9.juni kl.18.30 Sommerkonsert med Ytre Arna Barnevokal

I Desember var jeg innom Barnevokal igjen, og vi hadde noen fine korøvinger sammen.

18.des Sang Ytre Arna Barnevokal på YA Vokal's julekonsert.

24.des julafoten kl.16.15

Takk for 10 år som jeg har fått lov til å jobbe med barn og barnekor i kirken. Det har vært en veldig fin tid.

Årsmelding YA Vokal -23

VÅR 2022

16.januar Nyttårskonserter-UTGÅR!

6.februar gudstjeneste i kirken kl.11-12.30

20.mars Ljoshallen kl.19

26.mars Vårkonsert Korforbundet. Korskirken kl.18.30

17.april Høytidsgudstjeneste kl.11 i YA kirke

Lørdag 30.april Konfirmasjonsgudstjeneste kl.11 i YA kirke

Søndag 8.mai Konfirmasjonsgudstjeneste kl.11 i YA kirke

Onsdag 11.mai Konsert med Jan Røshol i Arna kirke

Dameøving Kristi Himmelfartsdag kl.19

Onsdag 1.juni øving kl.19.00

Torsdag 9.juni kl.19.00

11.juni, lørdag, er siste øving og generalprøve til konserten søndag. Vi øver fra kl.11-15.00. Kl.14 synger vi i barnedåp til Benthe's barnebarn

12.juni 2022 konsert i Eidsvåg kirke, sammen med Benedictinerne (koret i Eidsvåg kirke)

15.juni generalprøve

16.juni Sommerkonsert med YA Vokal kl.19

HØST 2022

28.august Presentasjonsgudstjeneste (konfirmanter) kl.11 i YA kirke

18.sept. søndag. Universitetsaulaen kl.15.30

Høstkonsert, Norsk korforbund

25.september gudstjeneste kl.11 i YA kirke 50-års-konfirmanter

23.okt Ljoshallen, kl.17.00 ved Jorunn Haukås

30.oktober konsert i Ytre Arna kirke, vi er invitert til å delta** organist Jørn Skauge
organiserer med flere sangere/musikere.

6.november allehelgensgudstjeneste i YA kirke kl.11

4.desember, Lysmesse på Haukås sammen med Arne Mulen. Kl.16.00

“Vår Julekonsert» 18.desember kl.18.00

Etter to år med Covid og ingen/lite aktivitet, kan vi dette året se tilbake på et år med høy aktivitet. Det har vært veldig kjekt.

Vi er 14-16 medlemmer som har deltatt dette året.

Vi øver hver torsdag i Ytre Arna Kirke fra kl.19-21.30.

Dirigent er Bjørn Bergmann

Mvh Anita Frekhaug

Leder/dirigent Ytre Arna Barnevokal

Leder YA Vokal (Ytre Arna Vokal)

Årsmelding 2022 for Arna og Ytre Arna kyrkjekor.

Styre for 2022:

Leiar: Alice Bjørnestad Nestleiar: Kirsti Rolland

Kasserar: Marianne Fanebust (Kyrkjekontoret. Ho fører regnskapen for kora).

Skrivar: Randi Daae Stordal

Varamedlem og ansvar for servering: Ingrid Velure

Valkomiteen: Ingrid Velure og Per Bjarte Hjellum (nyvalgd i komiteen).

Dirigent: Kantor Olav Arne Steinkopf

Program våren 2022:

- Deltaking på gudstenester :
 - ✓ I Ytre Arna kyrkje, ordinær gudsteneste.
 - ✓ I Indre Arna: på Bibeldagen/ Såmannssøndagen, 1.påskedag og en ordinær gudsteneste.
- Fredskonsert. Med fokus på krigen i Ukraina som starta denne våren.
- Formiddagsmøte på Bedehuset i Indre Arna i samband med kulturdagane i Arna.
- Gospelprosjekt med prosjektkor(invitere forsterkningar!)
- Årsmøte 17.02: Alice Bjørnstad var på val og tok attval. Randi Daae Stordal tek over skrivarjobben etter Tor. Ingrid Velure tok over ansvar for servering etter Egil Vestbøstad som har flytta.
- Antall ordinære øvingar: 13
- Avslutning med enkelt program og god mat!

Program høsten 2022:

- Deltaking på gudstenester:
 - ✓ I Ytre Arna kyrkje, ordinær gudsteneste.
 - ✓ I Indre Arna kyrkje (50-års konfirmantar), Alle helgensmesse og en ordinær gudsteneste.
- Salmekveld i oktober.
- Julekonsert/Luciakonsert 13.des.
- Antall ordinære øvingar: 12 (inkludert 3 med prosjektkor).
- Avslutning 15.des.etter en aktiv høst!!

Ant. aktive medl. i koret ved høstsemesterets slutt: 15

Indre Arna 7.02.2023

Randi Daae Stordal sekr.



中華信義神學院

China Lutheran Seminary

E-mail:hsinshen@ms1.hinet.net <http://www.cls.org.tw>

November 1st, 2022

Dear Brothers and Sisters of Ytre Arna Sokn,

Greetings from China Lutheran Seminary in Taiwan! We would like to express our deep-felt gratitude for receiving the offering of 1671.93 USD from you.

We at CLS are abundantly blessed through almost a thousand days of Covid-19 turmoil. We had an on campus, in person commencement in June, 2022, attended by 31 graduates, their families and many guests. By September, 158 students have enrolled for the Fall semester in various academic programs, among whom 46 are full time.

In order to celebrate the Reformation in 2022, CLS sponsored APELT(Asian Program for the Enhancement of Lay Training-Taiwan Committee) seminar series in 4 different locations throughout October, and we held an A Cappella Contest in the Festival of Sacred Music on Oct. 22.

It is truly a great honor and pleasure to witness how the love of God binds His people together in a way that we could not imagine in times of uncertainty. Thank you again for your encouragement to us and the gift of support to the theological education in Taiwan. May the Lord bless you all abundantly!

Sincerely in Christ,

Rev. Dr. Ray Chen

Interim President of China Lutheran Seminary



中華信義神學院

China Lutheran Seminary

30080 新竹市東區大學路51巷11號 Tel:03-5710023 Fax:03-5726425
#11,Lane 51,Tahsueh Rd.,Hsinchu, 300,Taiwan R.O.C.



奉獻款收據
OFFICIAL RECEIPT

No. 1112174

財團法人基督教中華信義神學基金會
China Lutheran Theological Foundation, Inc.
法人登記證實登記簿第九冊第二九頁第二〇二號
統一編號：98273406 郵政劃撥：0112188-1

茲收到：
Received From _____

Ytre Anna Søkn

金額：
Amount _____

USD1,671.93

項目：
For _____

USD 1,671.93 擴建經費 0.00

Campus Development _____

日期：
Date _____

28-Oct-22

經手人：
Received By _____

張玉絲

備註：
Note _____

本收據可供您作綜合所得稅列舉扣除抵減之用。

Årsmelding for Kyrkjebladet 2022

Frå nyttår 2022 valde Arna og Ytre Arna sokn å avslutta samarbeidet med resten av Åsane prosti om felles kyrkjelydsblad med lokalsider. I staden fekk me no eit eige blad for dei to sokna. Bladet kom ut i tre nummer, eit til påske, eit etter sommaren og eit i november. Nummer 2 hadde 16 sider, dei andre to nummera 12 sider.

Bladet har hatt eit opplag på 5700, av dei 4400 i Arna og 1300 i Ytre Arna. Gode sponsorar har i det store og heile dekt utgiftene til bladet dette året. Bladet vert distribuert fysisk til alle husstandar i dei to sokna og er dessutan å finna på Ytre Arna sokn si nettside.

Redaktør for bladet er Kristin Hjertaker. Elles har redaksjonen vore: Kristin Haukås og Erik Rodal frå Arna og Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås og Ingvar Fløysvik frå Ytre Arna. Redaksjonen har hatt møte før kvar utgjeving. I tillegg har redaksjonsnemndene for dei to sokna møtst kvar for seg når det har vore trøng for det.

Ingvar Fløysvik, redaksjonsleiar